

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.1	Pål Grev	05.07.23	24/23

TILDELING AV HJORTEJAKT I JOTUNHEIMEN NASJONALPARK*Saksdokument:*

1. E-post frå Rolv Magnus Hidemstrædet av 14.06.23.
2. E-post frå Audun Heier av 20.06.23.
3. E-post frå Ingvild Øyjordet av 23.06.23.

Saksutgreiing:

Tilbod om hjortejakt i nasjonalparken ved Gjende vart lyst ut på heimesida for ei tid sidan, og med søknadsfrist 25. juni. Det er sett krav om minimum tre jegerar i laget, og laget må ha eigen godkjent ettersøksekvipasje. Jaktagt med jeger/jegere som ikkje har elg-/hjortejakt i ei anna statsallmenning inkludert i Nordherad fellesområde, eller i eit anna jaktfelt i Langmorkje i 2023, blir prioritert fyrst. Det er sett ei kvote på ein fri bukk.

Innan søknadsfristen er det innkome tre søknader, frå Rolv Magnus Hidemstrædet, Audun Heier og Ingvild Øyjordet. Alle laga tilfredsstiller minstekrav om antal jegerar, om fordeling innanbygds/utanbygds og krav om godkjent ettersøksekvipasje i laget. Jaktagtet til Hidemstrædet har elg- og hjortejakt i Langmorkje (feltet Lemonsjø – Tesse), og laget blir såleis «B-søkjar». Det same med laget til Audun Heier, som vart uttrekt på hjortejakt i Nordherad fellesområde for 2023, og har takka ja til jakt her. Laget til Ingvild Øyjordet har ikkje elg-/hjortejakt i noko statsallmenning eller i Nordherad fellesområde, og bli difor attståande som einaste «A-søkjar» til årets hjortejakt ved Gjende.

Vedtak:

Ingvild Øyjordet`s jaktagt får tilbod om hjortejakt ved Gjende i Jotunheimen nasjonalpark i Vågå hausten 2023. Det vil bli inngått ei skriftleg avtale med jaktagtet på vanleg måte.

Rett utskrift. Går til:

Ingvild Øyjordet
Rolv Magnus Hidemstrædet
Audun Heier

Etter fullmakt

Pål Grev
Fjellstyreleder